

**Kommunestyret 15.11.2018:**

**Handsaming:**

**KS- 042/18 Vedtak:**

**Samrøystes vedtak:**

**1. Tilknytings- og årsgebyr for vatn og avløp i Hornindal kommune vert uendra for 2019:**

Tilknytingsgebyr (T) for vatn og avløp kvar for seg: kr. 12.000,- eks. mva.

Refusjon for vatn og avløp i spreidd busetnad utanfor regulert område (tillegg til T) vert fastsett i det enkelte prosjekt.

For mellombels tilknytning, til dømes ved anleggsverksemd, brakkeleir, m.m. skal det betalast eit eingongsgebyr på kr. 5.000,-eks. mva. Det skal ikkje betalast tilknytingsgebyr.

**2. Årsgebyr for vatn og avløp, eks. mva.:**

2.1. Abonnementsgebyr (N) for vatn: kr. 2.002,-

2.2. Forbruksgebyr for vatn: kr. 19,15 pr. m<sup>3</sup> etter målt eller stipulert forbruk

2.3. Abonnementsgebyr (N) for avløp: kr. 2.064,-

2.4. Forbruksgebyr for avløp: kr. 20,32 pr. m<sup>3</sup> etter målt eller stipulert forbruk

**3. Årsgebyr etter pkt. 4 ovanfor vert følgjande (avrunda), eks. mva.:**

3.1 Bruksareal < 100 m<sup>2</sup>: vatn (100 m<sup>3</sup>) kr. 3.917,-

avløp (100 m<sup>3</sup>) kr. 4.096,-

3.2. Bruksareal 100 m<sup>2</sup> – 300 m<sup>2</sup>: vatn (200 m<sup>3</sup>) kr. 5.832,- avløp (200 m<sup>3</sup>) kr. 6.128,

3.3. Bruksareal > 300 m<sup>2</sup>: vatn (280 m<sup>3</sup>) kr. 7.364,-

avløp (280 m<sup>3</sup>) kr. 7.754,-

Fritidsbustadar skal betale abonnementsgebyr + 25 % av stipulert forbruk for bustad iht. areal.

**Alle abonnentar og kommunen kan krevje at forbruk vert målt med vassmålar.**

**4. Gebyr for leige av vassmålar, eks. mva.:**

4.1. Vassmålar – målarstorleik ≤ 5 m<sup>3</sup> / døgn: kr. 750,- pr. år

4.2. Vassmålar – målarstorleik > 5 m<sup>3</sup> / døgn: kr. 860,- pr. år

Alle prisar er eks. mva. der anna ikkje er nemnd.

Bruksareal skal reknast etter NS3940:2012: Areal- og volumberegningar for bygningar.

I samsvar med krava i forvaltningslova § 37 om førehandsvarsling, - vert gebyr regulativet å leggje ut til høyrning. Høyringsfrist vert sett til 2 veker.

Gebyr regulativet vert gjort gjeldande frå og med 01.01.2019.